

## Handsaming i Kommunestyret - 15.12.2016

### Framlegg frå SP v/Thor Inge Levang:

Kulturmidlar aukast med kr 78.000,-, som skal fordelast på lag og organisasjonar tilsvarande 2015-nivå. Dekkast av auk i skatteinntekter.

**Samrøystes**

### Framlegg frå AP v/ ordføraren:

Skatteinntektene aukast med kr 322.000,- mens avdragsbetaling oppretthaldast i tråd med inngåtte avtaler (rekna til kr 200.000).

Kr 22.000,- går til styrking av disp.pott til OKO-utvalet og kr 100.000,- går til styrking av disp.pott til formannskapet.

**Samrøystes**

### Framlegg frå AP v/Nils Vidar Pettersen:

Kostnad på kr 200.000,- for å dekke reinhaldsutgifter i Næringshagen vert dekt ved å omdisponere innsparing av kostnad med å leige tidlegare NAV-kontor.

**Samrøystes**

### Framlegg frå AP v/ Nils Kristian Moe:

Det vert oppretta ei 25% pedagogstilling i småskulen, dekt av øyremerka tilskot til tidleg innsats i skulen.

**Samrøystes**

### Framlegg frå AP v/ Nils Vidar Pettersen:

Husleige for Tøddelia 3 vert kr 8.000,- pr. måned.

**Samrøystes**

### Framlegg frå SP v/Guro Libjå:

Nye mål under økonomiplanen i sektor for plan og teknikk:

- Vidareutvikle Fyresdal som ei jord- og skogbruksbygd.
- Skape optimisme i landbruket og auke husdyrtalet.
- Stø opp om småskalaproducentar/kortreist mat.
- Oppretthalde kulturlandskapet, hindre attgroing av dyrka mark, vegar og utsiktspunkt.

**Samrøystes**

### Framlegg frå SP v/ Tone I. Veum:

Nytt punkt under mål for skule i sektor for kultur og oppvekst:

- Gimle skule skal ha resultat både på læring og trivsel som er minst på nivå med kommunegruppe 06.

**Samrøystes**

### Framlegg frå ordføraren:

Kommunestyret ynskjer ikkje sak om privatisering av kommunale vegar.

**Samrøystes**

Samrøystes i samsvar med innstillinga frå formannskapet med dei endringar som kjem fram her.

## Vedtak i Kommunestyret - 15.12.2016

Økonomiplan 2017 – 2020 og årsbudsjett 2020 for Fyresdal kommune vert vedteke slik det ligg føre. Nettorammene for kvar sektor i driftsbudsjettet vert som følgjer:

Sektor	Utgift	Inntekt	Netto
Fellestene	16.803.000	3.197.000	13.606.000
Helse og omsorg	57.424.000	14.932.000	42.492.000

Kultur og oppvekst	39.432.000	4.481.000	34.951.000
Plan og teknikk	27.971.000	14.380.000	13.591.000
Finans	20.172.000	124.812.000	-104.640.000